

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 09.11.2021

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt forslag punkt 5 vart vedteke mot 4 røyster (FNB, FRP, UA).

Vedtak

1. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024* bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet, slik at kommunen og fylkeskommunen styrer i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
2. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnssdelen med arealdelen.
3. Sunnfjord har mykje natur og flotte friluftsområde, og friluftslivet bør framhevast meir i samfunnssdelen av kommuneplan. Det bør også vere arealstrategiar som sikrar friluftsområde og viktige kulturmiljø for ålmenta.
4. Det er positivt at kommunen tek omsyn til klima i arealutnyttinga og har mål om å vere klima- og arealnøytrale i arealbruken. Å inkludere dette i arealstrategiane gjev eit godt utgangspunkt for å følgje det opp vidare i arealdelen. Vi vil tilrå å utarbeide arealregnskap for å sikre oversikt over areala i kommunen og kvaliteten på dei.
5. Prosjekta i Førdepakken skal bidra til ei god sentrumsutvikling i Førde ved å etablere vegar som gjev meir konsentrert arealbruk, og betre tilbod for gåande og syklande. Kommunen bør ha eit klart mål om fleire gåande og syklande når tiltaka i Førdepakken står ferdige. I tillegg bør kommunen seie noko om korleis kollektivsatsinga skal skje og korleis det skal leggast til rette for kollektivtransporten både i Førde sentrum og til senterområda utanfor.